

MORGONDAGENS SKULE

Ein framtidretta og estetisk skule, med eleven i sentrum


BACHELOR I INTERIØRARKITEKTUR BOP3100
Høgskolen Kristiania, 985450, våren 2016





**PROBLEM- &
FOKUSOMRÅDER**

s. 3 - 4




**NAUSTDAL BARNE-
OG UNGDOMSKULE**

s. 5 - 6



**MORGONDAGENS OG
FRAMTIDAS SKULE**

s. 7 - 8



**EVALUERING
AV BYGG**

s. 9 - 10



1. ETASJE

s. 11 - 22



PROBLEMOMRÅDE

I dette prosjektet ser du utføringa av grunnskulebygget (1.-7. klasse) ved Naustdal barne- og ungdomskule. Hovudproblemområdet har vort å tilrettelegge for eit godt psykososialt læremiljø og varierte undervisning-smetodar.

DET PSYKOSOSIALE LÆREMILJØET

I opplæringslova § 9a-1 står det at "Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Udir.no definerar "læremiljø" som dei samla kulturelle, relasjonelle og fysiske forholda på skulen som har betydning for elevens læring, helse og trivsel. Rom påverkar mennesket, og bør sjåast på som ei viktig brikke i eit godt psykososialt læremiljø.

VARIERT & FLEKSIBEL PEDAGOGIKK:

Dagens skule har ei brei pedagogisk platform, der Kunnskapsløftet vort nytta som grunnlag for skulens planlegging av opplæring. Det er opp til kvar skule eller lærar og vurdere kva arbeidsmåtar og metodar som er best eigna, og dette krev eit fleksibelt klasserom - noko som eg òg trur kan legge til rette for nye undervisningsopplegg i framtida.

FOKUSOMRÅDER

“Korleis utforme rom som ivaretek det psykososiale læremiljøet og som er tilrettelagt for ein variert og fleksibel pedagogikk ved Naustdal barneskule?”



KLASSEROMMET SOM DEN TREDJE PEDAGOG

I pedagogisk samanheng blir rommet ofte kalla den tredje pedagog. Korleis kan eg ved fysisk utforming/møblering, fargespsykologi og berekraftig materialbruk påverke det psykososiale læremiljøet?



TRIVSEL & LÆRINGSMILJØ

Trivsel påverkar læremiljøet og læremiljøet påverkar elevens trivsel. Korleis kan ein gjennom fysisk utforming/møblering tilrettelegge for trivsel samt ein variert og fleksibel pedagogikk?



TEKNOLOGI OG UTVIKLING I SKULEN

Meir aktivitetbaserte skular er i vinden, og saman med ny teknologi kan dette gje fleksible og nyskapande areal. Korleis kan ny teknologi endre utforminga av klasserommet?



NAUSTDAL BARNE- OG UNGDOMSKULE

Naustdal kommune ligg i Sunnfjord i Sogn og Fjordane fylke, og har 2840 innbyggjarar. Kommunen har både fjord- og fjellandskap, og eit lite sentrum med blant anna kommunehus, barne- og ungdomsskule, barnehagar, utandørs idrettsarena, kyrkje, bensinstasjon og matvarebutikkar og tusenårsstaden Sanden. Naustdal ligg 11 km frå bysentrumet Førde, og har dei siste åra hatt positiv befolkningsauke.

“BARN SOM TRIVST, LÆRAR”


Når det gjeld mål for arbeid i grunnskulen er trivsel i fokus. I kommuneplanen står det at “Fokus på idrett, kultur, helse og pedagogisk utviklingsarbeid i skulen er viktige tiltak for å gjere Naustdal til ein endå meir attraktiv stad å bu”.

NBU har i dag 310 elevar, men skal etter utbygging og rehabilitering romme 420 elevar. Sørfløyen, som eg tar for meg i dette prosjektet, er eit av nybygga som skal erstatte mykje av skulebygget frå 1968.







SITUASJONSKART



HOVUDBYGGET
Rommar ungdomskuletrinnet, idrettshall, bibliotek og administrasjon.



SPESIALROMSFLØY
Rommar heimkunnskap, naturfagsal, kunst og handverkssal/sløyd, musikkrom med tilhøyrande scene og teleskoptribune.



SØRFLØYEN
Rommar grunnskuletrinnet, 1.-7. klasse, amfi, SFO og eit stort arbeidsrom.



UTEOMRÅDET
Uteområdet si utføring er inspirert av den lokale kunstnaren Kjartan Slettemark.




1. ETASJE

1. - 4. KLASSE + SFO

MORGONDAGENS SKULE

I 1. etasje har eg ta utgangspunkt i slik nye skular stort sett blir utført i dag. Dette er løysingar som kan takast i bruk med det same, og som er utarbeida etter ei brukar- og behovsanalyse for NBU. Samstundes er det lagt vekt på opplevelsesrikdom og lek, noko som passar for både nyfikne 1. klassingar og meir erfarne 4. klassingar. Gjennom ei god heilheitsoppleving av både sosiale, funksjonelle og estetiske faktorar skal det ligge til rette for eit trygt og godt miljø, som skal skape tilhøyrse og trivsel!

Barn og unge tilbring store delar av kvardagen på skulen. Dermed spelar skulen og læremiljøet ei viktig rolle i barnets liv, og er med på å forme barnets framtid. Læremiljøet har mykje å sei for barnas psykiske helse, som igjen påverkar barnets sine moglegheiter for læring. 1. etasje har gjennom utforming og val av material- og fargebruk ekstra fokus på å skape eit trygt utgangspunkt, som gjev moglegheit for både sosiale utfoldelsar og private arbeidsstunder.



2. ETASJE

5. - 7. KLASSE

FRAMTIDAS SKULE

I 2. etasje er det utarbeida ei meir framtidretta løysing, som byggjer på både trendar og teknologiske utviklingar som er med på å endre den meir tradisjonelle skulen vi kjenner idag. Dette er i hovudsak prinsippet om "heimebasar" i staden for tradisjonelle rektangulære klasserom, samt bruk av teknologiske einheiter i undervisninga og dens påverknad av klasserommets utforming.

Klasseromma i 2. etasje vil fungere som storklasserom, der ein samstundes nyttar seg av andre arbeidsreal som er tilgjengelege utanfor klasserommet. Bruk av nettbrett og bærbare pc'ar vil vere hovudverktøyet til elevane, noko som opnar opp for varierte arbeidsplassar der elevane har valfriheit til å velje ein arbeidsplass ut i frå eige ynskje. Elevane vil i stor grad ha ansvar for å lære seg nytt pensum, medan tida på skulen går til gruppearbeid og oppgåver der læraren heller fungerer som ein mentor og veileidar. Dette er ein pedagogikk som heiter "omvendt undervisning/flipped classroom", og går vekk i fra den tradisjoelle formidlingspedagogikken og krev meir fleksible løysingar og ein ny skulestruktur/oppbygging.


EVALUERING AV PLANLAGT BYGG

Dette er eit nybygg, noko som vil sei at mange av løysingane er tenkt til eit moderne formål og er utforma etter kundens (NBUs) ynskje. Det er likevel noko eg tenkjer kunne vore betre/gjort annleis.

- V-forma korridor - gjev eit meir aktivt og asymmetrisk uttrykk
 God tilgang til fellesområde i midten av bygget frå begge sider
 Store vindaug i fasaden - gjev godt dagslys i bygget
 Kvart klasserom har sin eigen inngang/garderobe - gjev tilhøyrsløse og ro (med unntak av 5. og 6. klasse)
- Få grupperom per klasserom
 Litt begrensa areal i klasserom, garderobar ol.
 Lite vrimleareal der korridorane møtast
 Felles garderobe for 5. og 6. klasse (til saman 90 elevar)

Det som er merka på planteikningane på neste side er areal eg har endra på. I 1. etasje er lese/samtalerommet erstatta med ein "abstrakt skog". Dette området skal ha same funksjon, men i ei meir spennande og kreativ ånd. Eg har òg valt å ha stenge foldeveggen i 1. og 2. klasse. Dette er på grunn av at ein skjeldan vil vere 45 1. klassingar saman - då er dette arealet for lite. Eg trur òg at eit meir avskjerma klasserom vil skape trygge og stabile rammer for læring og nye relasjonar.

I 2. etasje er to grupperom, eit kontor, eit datarom, lese/samtalerom og vrimleareal slått saman til eit stort arbeidsrom. Her vil det vere ulike arbeidssoner som kan nyttast som alternative arbeidsplassar for både individuelt- og gruppearbeid. Dette er ei løysing som passar mykje betre med den tenkte pedagogikken og tematikken for denne etasjen. Då tenkjer eg til dømes på at ein ikkje treng eit eige rom for stasjonære pc'ar for framtidens skule.



Fasade øst



Fasade sør

1. ETASJE



2. ETASJE



ENDRING AV AREAL

1. ETASJE

1. etasje inneheld klassetrinna 1. - 4. klasse, grupperom, garderobar, SFO, vrimleareal med te-kjøkken og amfi.

Denne etasjen er utforma med tanke på notidas undervisningsnormer, og med utgangspunkt i 44-45 elevar på kvart klassetrinn. Vektlagt i denne etasjen er trygghet og trivsel, noko som skal gje elevane eit godt forhold til skulen og på denne måten fremme engasjement og læring. Likevel er opplevelsesrikdom viktig for elevane. Dermed er konseptet på SFO noko som bryt heilt med resten av bygget, og den abstrakte skogen i vrimlearealet vil kunne gje elevane moglegheit til å drøyme seg bort under ei lesestund.

Det er lagt stor vekt på estetiske faktorar. Den overordna farge- og materialbruken dannar eit grunnlag for elevens innstilling til skulen og det dei lærar. Ei god atmosfære med dempa hovudfargar, spreke kontrastfargar, naturmateriale og god belysning gjer at ein unngår det sterile institusjonspreget, og skapar tilhøyrslø og engasjement ovanfor for medelevar og eigen læring. I felles- og gangsoner vil det vere eit spreke fargeval for leik og opplevelse, medan det i klasseromma vil vere ein rolegare palett for konsentrasjon og fokus. Gjennom dei esteiske vala skal skulen vise ovanfor elevane at det er elevane som er i fokus!



Inngang og garderobe
Kvart trinn har sin eigen inngang og garderobe, delt inn i våt- og tørrsone.

Klasserom og grupperom
Kvart trinn har sitt eige grupperom.

Vrimleareal
En abstrakt skog danner område for leik, lesing og samtaler.

Korridor
Førar til dei ulike områda i bygget. Fungerar óg som inngang for dei lokale ved tilstelningar utanom skuletid.

SFO
Ordinga er for 1.-4. klasse. I tillegg til dette rommet nyttar dei seg av amfiet og vrimlearealet.

Amfi
Rommet går over to etasjar, med tribune i 1. etasje og eit galeri i 2. etasje.

Foldevegg
3.-4. klasse har foldevegg som skiljer trinnet i to.

Lettvegg
I 1.-2. klasserommet er det satt opp ein lettvegg for å skilje klassane, men med skyvedør slik at ein framleis kan opne opp.

Sitte- og oppbevaringsmøbel
Kvart klasserom har eit kombinert møbel der ein kan sitte i vindaugskarmen, samt oppbevare det som trengs i skap og kassar.



PLAN 1:200


VRIMLE / KORRIDOR

Korridorane er som pulsårane i bygget, og førar deg til det området du skal til. I begge korridorane er det ei branndør. Dette dannar eit skilje mellom inne og ute, og det er i det ytterste området andre besøkande ved skulen vil nytte som inngang til amfiet. I denne sona er det satt opp ein "spile-brystningspanel".


Det blir mange dører i ein slik korridor, så for å merke kva dører som er til klasserom, toalett og dei andre "vanlege romma" er desse i den djupare blåtonen. Dører til bøttekott og elektriske rom vil ha same farge som veggene. Alle dører vil sjølvsagt ha eit skilt som fortell kva rom det er.


Der korridorane møtast finn du ein abstrakt skog. Med fototapet på veggene, grønt golvteppe, og massive treplankar er det danna eit område som opnar for fantasi og leik, men òg lytting og samtaler. Området kan bli nytta som eit ekstra grupperom, eller som eit friareale for SFO. Samstundes er dette noko som bringer naturen inn i bygget, og gjev bygget meir personlegheit.

Langs korridorveggene ved den abstrakte skogen er det montert metallplater lakkert i same veggfargen. Her har elevane moglegheit til å henge opp elevareid og andre viktige beskjedar.



Døme på
"spile-brystningspanel"








KLASSEROM

Kvart klasserom er på rundt 100 kvm, noko som er nokså begrensa for eit trinn på 44-45 elevar. Dette gjev liten fridom, og krev fleksible løysingar. Ved å samle alt av oppbevaring og variert møblering i ett, får ein utnytta arealet til det fulle. Sjå meir om dette sitte- og oppbevaringsmøbelet på s. 19-20.

Kvar elev har sin eigen pult (600x600xH900), og sin eigen stol med fotbrett. Det vil i stor grad bli brukt nettbrett i undervisninga, sjølv om ein framleis har bøker. Med dette, og det begrensa arealet som utgangspunkt, vart pultane i ein mindre størrelse enn det som er vanleg. Dette gjev òg større fleksibilitet enn eit bord for to elevar når et gjeld å lage nye bordsamansetningar. Høgda på borda er 900mm, noko som er eit ergonomisk val då dette er ei betre høgde for læraren å veilede ein elev på. I samband med at lærarar delvis går vekk frå formidlingspedagogikken til ein meir veiledarrolle er dette dermed viktig! I tillegg til ei tralle til blyantar, lim og liknande er klasserommet utstyrt med whiteboards - både hengt på vegg og på stativ. Desse kan nyttast i gruppearbeid, undervisning og presentasjon, og er eit smart og fleksibelt verktøy. Det er òg ein vegghengt vask med to kraner og søppelsortering i rommet.

Gjennom dei store vindauga er omgjevelsane eit viktig element i klasseromma. For likevel å bringe naturen og det kjente endå meir inn i klasserommet, er veggane eit kvitvoksa granpanel.

Saman med det blå linoleums-golvnet dannar dette eit behageleg men stimulerande rom for læring. Kvart klasserom har ein kontrastfarge (sjå i collagen til venstre) som kjem fram i sitte- og oppbevaringsmøbelet. Dette er med på å gje rommet ekstra karakter, og er noko som gjev akkurat det klasserommet sitt eget preg!






ISKU Tutor kontorstol




ISKU Matrix I bord



Steelcase Verb Whiteboard







Kvitvoksa fastpanel
Gran 14 x 950 mm





Golv FORBO Fresco
3828 Blue Heaven

Klasserommet skal opplevast som ein god plass å vere. Med store vindauger og godt dagslys, samt eigna fargar og material, skal rommet fungere som den tredje pedagog og samstundes sette grunnlaget for elevens trivsel. I denne samanheng er grønne plantar og elevarbeid óg viktige faktorar for tilhøyrslse og det gode klasserom.



I 1. og 2. klasserommet er det ein lettvegg med skyvedør som skiljer A og B-klassen. Behovet for trygghet er ekstra stort i overgangen frå barnehagen til skulekvardagen. Samstundes vil det vere mykje uro om 45 1.-klassingar skal vere i samme klasserommet. Mykje av undervisninga vil foregå der klassane er skilde, men det vil likevel vere lurt med ei skyvedør slik at ein kan opne opp.

I 3. og 4. klasserommet er det ein foldevegg som skiljer A og B-klassen. Desse elevane er blitt godt vand med skulekvardagen, og kan styre meir av den sjølv. Dette opnar òg opp for større samarbeid og felles undervisning.



Det er opp til kvar lærar å bestemme korleis ein har bordsamansetninga. Forslaga viser både gruppesamansetningar i små og store grupper, rekker, og hestesko-form. Alle desse samansetningane kan òg nyttast der foldeveggen er open.

MØBLERINGSFORSLAG





Sitte- og oppbevaringsmøbelet er plassert langs vindaugsrekka i kvart klasserom. Møbelet kombinerar sitteplassar og oppbevaring, og er på denne måten veldig plassbesparande. Vindauga si plassering er utgangspunktet for møbelets utforming. Dette er ei slags innramming, der dei ulike områda blir nytta til ulike formål.

Ved dei to store kvadratiske vindauga er karmen blitt ein flott sittjeplass med sittepute. Her kan elevane lese ei bok, eller samtale om lærestoff.

Området ved golvet blir nytta til oppbevaring av sitteklosser, skaplass, kassar på hjul og plassering av tralla.

Øverst er det skaplass til oppbevaring av reiskapar og anna material ein ikkje brukar kvar dag. Skapa er plassert 2400mm over golvflata, og dermed er det nødvendig med stige. Denne går på skinne langs heile veggen.

Resten av hyllene kan brukast som til dømes bokhyller, utstillingsplass eller til plantar.


SFO

På SFO er teamet "ubåt". Dette området funksjon skiljer seg frå resten av bygget, og kan ha eit meir definert tema. Rommet skal brukast til lekser, mat og leik, og må derfor vere fleksibelt.

Rommet har eit mellomstort kjøkken, samt bord og benkar som ein kan slå ned frå veggen. Dette er ei god løysing då ein både kan nytte rommets golvareal til leik for så å slå ned borda til mat eller lekser.

I enden av rommet er det eit sitte- og oppbevaringsmøbel. Her kan ein oppbevare bøker, leikar, teiknesaker og liknande. Ved golvet er det plass til puffar eller puter. Møbelet har òg ein lesestol som blir nytta som sitteplass når det innerste bordet er slått ned.


Det som gjev rommet skikkeleg ubåt-følelsen er akvariummet plassert ved glaset ut mot korridoren. Akvariumet kjøpast på spesialmål. Akvariet står på ein benk med same høgd som brystningshøgda til vindauget, og er dermed like synleg frå korridoren som inne på SFO. Dette gjev større opplevelsesrikdom for heile etasjen!



Puffar i grå tekstil



Veggfarge
NSC S 2000-N




Tapet frå Storeys,
Oxford 2604-21252




Golv FORBO Graphic
5315 Dry Point



Oppriss av sitte- og oppbevaringsmøbel
1:50



Visualisering av ubåt-konseptet.



1:100



GRUPPEROM


Grupperomma er for både leik, individuelt arbeid og gruppearbeid. Romma kan óg nyttast til samtaler eller ekstraundervisning. I hovudsak er grupperomma tenkt som eit areal som er friare enn klasserommet, der elevane kan utfolde seg og finne sin måte å arbeide eller leike på. Kanskje det er kjekkare å lære alfabetet i eit slott av byggeklossar?

Kvart trinn har sitt grupperom. Men eit grupperom per trinn er ganske lite, og det er derfor tenkt at den abstrakte skogen og amfiet er areal som kan nyttast ved gruppearbeid.


Grupperomma inneheld anten kaldskum-klossar, kjempepute og/eller bord og stolar. Kvart grupperom har glasstavler på ein av veggane, noko som gjer at ein kan ha ekstraundervisning i rommet.

På grupperommet er det same veggfarge som i korridoren, men same golvet som i klasserommet. På denne måten skiljer grupperommet seg litt frå klasserommet, og symboliserar på den måten at rommet har eit litt anna formål.

1. klasse





2. klasse



3. klasse



4. klasse



Veggfarge
NCS S 1010-B



Golv FORBO Fresco
3828 Blue Heaven



Magnus Olesen, 8000-Serie Children
Bord, stol og krakk, stablbart



Krogsæter glasstavler



Lekolar kaldskum-klosser m. bomulltrekk



Lekolar kjempepute 200 x 150



AMFI

Amfiet er det rommet som bind begge etasjane saman. I dette rommet finn ein den interne trappa i bygget. Rommet skal nyttast som eit ekstra klasse/grupperom, til fellesopplegg eller av lokalbefolkninga.


I 1. etasje er amfiet, med sju nivå. I samband med amfiet er det eit stor interaktiv skjerm til både undervisning, presentasjon eller filmvisning.

I 2. etasje er galleriet, med lave barbord og eit te-kjøkken.

Dei store vindauga gjev rommet mykje dagslys. Farge- og materialbruken samsvarar med resten av bygget, og er med på å skape heilheit. For å få inn fleire naturelement enn utsikta, er det plassert to vertikale planteveggar på kvar side av amfiet.



Oppriss vindusvegg 1:100



Oppriss kjøkken 1:50



Plan over 2 etasjar 1:100



Trappa mellom etasjane er delvis av amfiet pluss ekstra trinn. På denne måten blir trappa på ein god måte inkludert i amfiet, som framstår som hovudelementet.

Store glassflater ut mot korridor og vidare til klasserom gjer at alt dagslyset når ut til store delar av bygget. Te-kjøkkenet og det nærliggande lageret gjer rommet godt eigna til å bli nytta av lokalbefolkninga.

2. ETASJE

2. etasje inneheld klassetrinna 5. - 7. klasse, garderobar, arbeidsrom og amfi.

Denne etasjen er utforma med tanke på framtidens undervisningsopplegg, med utgangspunkt i 44-45 elevar på kvart klassetrinn. Vektlagt i denne etasjen er ulike arbeidsplassar, både i klasserommet og i arbeidsrommet. Bruken av teknologi gjer det mogleg å bygge opp strukturen på ein meir fleksibel og pulserande måte. Tanken bak dette er at når elevane sjølve får bestemme korleis ein ynskjer å sitje eller arbeide, vil eleven lære meir. Hovudpedagogikken som ligg til grunn for utforminga er det "omvendte klasserommet", der elevar tileignar seg ny kunnskap heime, og nyttar tida på skulen til oppgåveløysing og veiledning.

I begge etasjar er det stikkontakar i golvet, noko som gjer at ein alltid har moglegheit til å nytte seg av anten skulens einheiter eller eigen pc/nettbrett.

Arbeidsrommet er som eit felles grupperom, der elevane kan finne den passende plassen for sine oppgåver. Her er det ikkje lek som står i fokus, men læring!

Farge- og materialbruken er mykje lik den same som i første etasje, for å skape heilheit og ein raud tråd i bygget.








KLASSEROM

Med ein elev-sentrert pedagogikk som grunnlag, er den tradisjonelle pulten bytta ut med stolar på hjul med tilhøyrande bord/brett. Dette gjev elevane stor fleksibilitet og autonomi, gjennom val av plassering eller til samansetjing av grupper etter behov. Løysinga legg til rette for at ein lærar gjennom timen enkelt kan få fokus for å ta opp viktige tema, då elevane berre snur stolen, og enkelt kan vende tilbake til individuelt- eller gruppearbeid. Skulekvardagen blir optimisert til elevens individuelle behov, og klasserommet får ein ny dynamikk som gagnar alle.

I desse klasseromma vil whiteboarda vere eit viktig verktøy. Med dei fleksible stolane kan ein enkelt samle seg rundt stativet eller langs veggen, og nytte dette som utgangspunkt for felles oppgåver og gjennomgang.

Barn er ikkje skapt for i sitje i ro på rekke og rad, og slike dynamiske klasserom har vist seg å gje elevane større læringsutbytte, trivsel, sjølvtilit og bestemmelsesevne.





Steelcase Node



Steelcase Verb Whiteboard

MØBLERINGSFORSLAG




Bileter frå Steelcase si heimeside.








Med nettbrett eller pc som hovudverktøy, stolar på hjul med oppbevaring til sekk og stikkontakter i golv, har ein eit godt utgangspunkt for optimal brukstilpassing. Leverandøren Steelcase, viser til eigen research som stadfestar at slike løysingar er godt eigna i ein slik skulesamanheng.

Under ser du fleire forslag som viser dei mange moglegheitene for samansettingar. Det er eit hav av moglegheiter, og i eit klasserom med begrensa areal kan ein på denne måten utnytte området fullt ut! Ein kan ha ei seminarløysing, der ein sit i sirkel; små og store gruppesamansettingar; rekker eller samansettingar to og to.

Stolen har mange funksjonelle løysingar, til dømes oppbevaring av sekk under stolen eller ved å henge den på armlenet. På bordet/brettet har ein moglegheit til å sette opp nettbrettet, slik at ein til dømes kan ha ei noteringsblokk forran.



1:100





ARBEIDSROM

Arbeidsrommet skal vidareføre klasserommets funksjon, der elevane kan finne eigna sitteplassar og samansettingar for sine oppgåver. Dette skal vere ei arbeidssone, der det er roleg samstundes som det er eit stimulerande miljø.

Del 1

Denne delen erstattar eit grupperom, men funksjonen er den same. Her har ein tre nisjer for individuelt arbeid, ei gruppesamansetting på fire stk ved eit whiteboardstativ, samt eit lite avlukke med vindaug mot amifiet.



1 000





Sittesekken Fatboy



Offecct Cornflake
H630

1:100



Oppriss korridor med opning til avlukke 1:50




Dette arbeidsrommet inneheld rundt 70 arbeidsplassar, fordelt i ulike områder i rommet. Det er arbeidsplassar ved te-kjøkkenet, noko som kan gje kafé-følelsen; meir tradisjonelle arbeidsplassar bestående av bord og stolar; runde bordsamansetningar, der dei minste borda har ei høgde på 900mm; sofa og stolar med høg rygg, ståande anten for seg sjølv eller i samband med sittebenk; trekte stolar med inkludert arbeidsflate; en lav og organisk-forma sittebenk, samt ulike puter som ved magnet hengast opp på veggen.

Spelerommet er for læring og bevegelse. Mange elevar lærar meir gjennom fysisk aktivitet, både friske men òg elevar med funksjonshemmingar. Ved bruk av moduveggar i frosta glas, som er nokså lydtette, vil ein unngå å forstyrre arbeidsroa elles i lokalet.



ISKU Mukula Putevegg




HOWE SixE




Offecct Cornflake
H630




Kontrastfarge
NCS S 2060-R



Panelgardin
Svensson, Focus 4435




Veggfarge
NCS S 1010-B



Kvitvoksa fastpanel
Gran 14 x 950 mm



Veggfarge
NCS S 3020-B




Golv FORBO Real
3224 Chartreuse

GARDEROBE

Kvart trinn har sin eigen garderobe, bortsett frå 5. og 6 klasse som delar.

Gardeobane består av ei våt og ei tørr sone. I den våte sona har ein oppheng av våte ytterkle på knaggar, og støvlestativ. I den tørre sona har kvar elev sitt eige "skap". Kvar garderobe har òg to tørkeskap.



1:100

I 1. - 4. klasse er garderobemodulen med ei lita dør (sjå oppriss 1:20). Modulen inneheld ein sittebenk, ei rist til å sette utesko på, oppheng til vottar og liknande, knagg til ytterkle, hylle og skal for oppbevaring av bytekle eller liknande.

For 5. - 7. klasse er garderobemodulen med ei stor dør, utan sittebenk. Dette er gjev meir privatliv, noko som er eit pluss for elevar som er i puberteten.


450




Lekolar støvelvegg
Lukas liggende 120 x 60




Lekolar Flexi (med dør for 5.-7. klasse)



Oppriss vegg garderobe, guten går i 4. klasse 1:20




Oppriss toalett 1:20




Veggfarge
NCS S 1000-N



Tapet Borge
IMA-26 011



Grå flis 15 x 15 cm



TOALETT

Dei fleste toaletta er i samband med gardeobane, med unntak av nokre som ein finn i korridoren.

Toaletavlukket i 1. etasje er små, og vasken er plassert utanfor.


I 2. etasje har kvart toalett eigen vask og spegel, og er ei meir privat løysing.

Toalettet er vegghengt. Den utbygde veggen er flislagt med grå flis 15x15 cm, medan flisa på golvet er 30x30 cm. Veggen ovanfor toalettet er tapetisert med ein tapet av endeved. Dette vidarefører trebruken i prosjektet. Elles er veggane grå, slik at toalette framstår nøytralt og reint.

Det er eit HC WC i kvar etasje, med tilgang frå korridoren.

FARGE- & MATERIALCOLLAGE

1. Linoleumsgolv, Forbo Fresco, 3828 Blue Heaven
2. Veggpanel gran, kvitvoksa Osmo 3111 White
3. Farge dørkarm/listverk, NCS S 3020-B
4. Farge vindaugskarm/list, NCS S 1010-B
5. Skapdører sitte- og oppb.møbel, heiltre gran, kvitvoksa Osmo 3111 White
6. Gul farge sitte- og oppb.møbel, NCS S 1060-Y10R
7. Grøn farge sitte- og oppb.møbel, NCS S 2626-G83Y
8. Blågrøn farge sitte- og oppb.møbel, NCS S 5040-B30G
9. Raud/rosa farge sitte- og oppb.møbel, NCS S 2060-R
10. Gult tekstil, sittepute
11. Lyse grønt tekstil, sittepute
12. Mørke grønt tekstil, sittepute
13. Blått tekstil, sittepute
14. Laminat bordoverflate pult
15. Tekstil, trekk stol



HØYSKOLEN KRISTIANIA
BACHELOR I INTERIØRARKITEKTUR BOP3101
985450, våren 2016